



Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Deres ref.:

Vår ref.: 15/07868-7

Vår dato: 01.04.2016

## **Forskrifter om rammeplan for femårige grunnskulelærerutdanningar. Høyringsfråsegn frå Høgskolen i Bergen.**

Vi viser til brev datert 21.12.15 med invitasjon til å gje innspel til forskrifter om rammeplan for femårige grunnskulelærerutdanningar.

Høgskolen i Bergen (HiB) er positive til at det blir innført femårige integrerte masterutdanningar i grunnskulelærerutdanning og meiner at introduksjonen av begynnarpplæring som masterfag i 1-7-utdanninga er eit grep som kan falle heldig ut for elevane i 1.-7. trinn framover.

HiB har nokre kommentarar til dei ulike delane av forslaga til forskrifter. Fråsegna handlar om både utdanningane for 1.-7. og 5.-10. trinn, då dei to forslaga til forskrifter jamt over er like. Der det handlar om forskrifta til ei av utdanningane, er dette presisert.

- Namn på utdanningane. Departementet meiner rammeplanutvalet sitt val av lektorutdanningar for 1-7 og 5-10 blir for likt den etablerte lektorutdanninga for 8-13, og ønskjer å nytte grunnskulelærerutdanning. Innanfor dagens grunnskulelærerutdanningsmiljø er det ulike oppfatningar av kva namna på utdanningane bør vere. Fordelane med nemninga lektorutdanning er oppfatninga av at det er masterutdanningar på lik linje med lektorutdanninga for 8.-13. trinn. Ulempa er at den direkte koplinga til grunnskulen som utdanningane rekrutterer til blir svakare. Samtidig bør det vere eit namn som viser koplinga mellom dei tre utdanningane i skulen (1-7, 5-10 og 8-13). «Lærerutdanning» er felles for dei tre trinnretta utdanningsløpa og vil, etter HiB sitt syn, kunne fungere som eit samlande namn.
- Masterfaget vil allereie frå første studieår vere berebjelken i utdanninga for den enkelte student. Det er også sagt at det skal vere mogleg å bytte masterfag i løpet av utdanninga. Dette bør forskrifta seie noko om.
- §1 Virkeområde og formål. I tredje avsnitt (døme frå 5-10): «Forskriftens formål er å sikre at lærerutdanningsinstitusjonene tilbyr en integrert, profesjonsrettet og forskningsbasert grunnskulelærerutdanning (...), som ligger på masternivå. Vidare, og felles for begge forskriftsforslaga, står det at «Utdanningen skal kjennetegnes av høy faglig kvalitet, av

helhet og sammenheng mellom fag og fagdidaktikk, profesjonsfag og praksis... Høgskolen tenker det vil gje betre mening å skrive «mellom fag, fagdidaktikk, profesjonsfag og praksis». I fjerde avsnitt bør det også det berekraftige vere nemnd i opplistinga.

- § 2 Læringsutbytteformuleringar. Det er i utgangspunktet positivt at det er gjort grep for å få færre læringsutbytteformuleringar, sjølv om utdanningane har auka med eitt år og gjort om til masterutdanningar. Samtidig ser HiB det som uheldig at mange av utbytteformuleringane er så vide at dei like gjerne kunne vere delt opp i fleire. For institusjonane som skal operasjonalisere læringsutbytteformuleringane i emneplanar blir det ei stor utfordring. Høyringsutkastet frå KD byggjer vidare på rammeplanutvalet sitt arbeid. I utvalet sine merknader §2 står det at læringsutbytteformuleringane «angir et minstekrav alle kandidater som har fullført utdanningen skal ha oppnådd.» Som eit døme på vide formuleringar kan ein sjå at studentar som har oppnådd karakteren E skal ha bestått følgjande krav: «har inngående kunnskap om fagdidaktisk, pedagogisk og anne relevant forskning og teori, vitenskapelige tenkemåter og forskningsmetoder».

I ei integrert masterutdanning som også skal danne grunnlag for opptak til ph.d. er det naturleg at det forskingsbaserte perspektivet er tydeleg til stades, men samtidig så blir perspektivet litt for dominant i denne samanhengen samanlikna med det erfaringsbaserte perspektivet. Særleg gjeld dette under ferdigheiter.

HiB ser det som positivt at kunnskap om vald og seksuelle overgrep mot barn er tatt inn i læringsutbytteformuleringa. Vidare ønsker vi at også kunnskap om barn som lever med rus, barn med psykiske lidningar, samt kunnskap om barn med særlege lærevanskar vert innarbeida i læringsutbytteformuleringane.

- § 3 Profesjonsfag. Kva skal ein kalle faget som i dagens utdanningar er kjent som pedagogikk og elevkunnskap, og som rammeplanutvalet ønskte å kalle pedagogikk i dei nye utdanningane? Heile utdanninga skal vere profesjonsretta og det vil gjelde alle fag. Det vil derfor vere på sin plass å stille spørsmål ved departementets val av å ha eit eige profesjonsfag i utdanninga. Det gir signal om at resten av faga ikkje blir sett som profesjonsfag samtidig som pedagogikkfaget blir devaluert som fag. HiB meiner «pedagogikk» er eit betre val enn «profesjonsfag» i dei femårige grunnskulelærerutdanningane.

Forskrifta nyttar mykje plass til profesjon og profesjonsfag, medan fag og det fagspesifikke blir underkommunisert. Kunnskapsministeren har tidlegare vore tydeleg på at dei nye utdanningane skal ha eit sterkare fagfokus enn tidlegare utdanningar, noko som også kjem fram i valet i at alle masteravhandlingar skal ha eit skulefag som base (med unntak av begynnaropplæring).

HiB er samd i at kompetansebygging i skulefag må vektleggjast, og støttar forslaget om styrking av skulefag og begynnaropplæring ved etableringa av utdanningane. Det er samtidig eit spørsmål om kven som skal utdanne framtidige spesialpedagogar til skuleverket, då høvet til å ta høgare grads utdanning i andre fag enn skulefag og begynnaropplæring i dei femårige grunnskulelærerutdanningane ikkje blir mogleg. HiB er usikre på om profesjonsfaget (pedagogikkfaget) slik det er omtala i forslaget til forskrift i tilstrekkeleg grad kan førebu studentane på å meistre lærarrolla i einskapsskulen. I kva grad kan ein forvente at fagdidaktikken kan ta opp i seg tilpassa opplæring og spesialpedagogikk?

Etter HiB sitt syn bør det vere mogleg å kunne tilby masterutdanning i andre fagområde enn dei som forslaget til forskrift legg opp til. Skulens framtidige behov er ikkje berre knytt til dagens skulefag og begynnaropplæring.

Kunnskap om religion, livssyn og etikk som ein eigen modul i profesjonsfaget. HiB støttar ikkje at kunnskap om religion, livssyn og etikk skal vere ein eigen modul (emne) på 15 studiepoeng i profesjonsfaget. Det må vere opp til institusjonane sjølve å bestemme korleis emna i eit fag skal organiserast. Departementets forslag om at emnet skal vere ein del av vitnemålet kan føre til at ein del studentar vil velje vekk KRLE som skulefag.

- § 5 Nasjonal deleksamen. Det er uheldig at departementet legg opp til å innføre nasjonale deksamener.

Departementet har tidligare foreslått å innføre ein heimel til å pålegge institusjonar og/eller fagmiljø å arrangere nasjonale deksamener i einskilde fag i høgre utdanning ved å endre forskrift om rammeplanar (høyringsbrev av 03.02.15). Vidare foreslo departementet (høyringsbrev av 20.04.15) å innføre en generell heimel i Lov om universiteter og høyskoler til å pålegge institusjonar og/eller fagmiljø å avvike nasjonale deksamener i einskilde fag i høgre utdanning.

I høyringsfråsegna frå høgskolen (04.05.15) kom fylgjande oppfatning til uttrykk:  
*Hvordan emner utformes og eksamener avlegges er et faglig anliggende, og har vært opp til institusjonene selv å vurdere fordi de har kompetanse til det. Høgskolen mener at å innføre nasjonale prøver ikke er i samsvar med den akademiske friheten den enkelte institusjon har.*

Høgskolen opprettheld dette synet, og støttar dermed ikkje forslaget om å innføre nasjonale deksamener.

- § 6 Fritaksvedtak. Forslaget til forskrift seier at «Utdanning som kan gi grunnlag for fritak, må bestå av fag som tilsvarer de fag som tilbys i grunnskolelærerutdanningen og bør omfatte fagdidaktikk og praksisopplæring.» HiB ser det som fornuftig at krav stilt til emne som skal innpassast i utdanningane følgjer dei same krava som utdanningane set til eigne fag. Det betyr at skulefag som skal innpassast ikkje berre bør, men må ha integreert fagdidaktikk og praksis.

HiB støttar ikkje forslaget om fritak frå delar av det obligatoriske norskfaget i 1- 7- utdanninga. Det er viktig at studentane blir prøvd i begge målformer for å hindre ei svekking av kompetansen til framtidige norsklærarar. HiB ønskjer også at fritakshøvet for sidemål i norsk i 5-10-utdanninga må strammast inn meir enn det som står i forslag til forskrift. I praksis betyr sidemål det same som nynorsk, noko som skaper utfordringar i kommunar med nynorsk som hovudmål.

Med helsing

Ole-Gunnar Søgner  
Rektor

Sonja-Irene Dyrkorn  
Konst. høgskuledirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Kopi til: Avdeling for lærerutdanning

